



VINDAFJORD  
KOMMUNE

Revidert - vedtatt av kommunalsjef oppvekst 30.06.21

# **Ordensreglement Vindafjordskulen- Ølen skule**



# Innhold

Innhold .....	2
1. Lovheimel .....	3
2. Formål med ordensreglement.....	3
3. Verkeområde .....	3
4. Åtferd.....	3
5. Undervisningssituasjonen.....	3
6. Eigedom .....	3
7. Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon .....	4
8. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet .....	4
9. Lokale konkretiseringar .....	4



# 1. Lovheimel

Ordensreglementet er heimla i:

Opplæringslova, § 2-9:

"Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast."

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i §2-9 til kommunedirektøren, som har delegert vidare til rektor ved skulen å handsame saker etter ordensreglementet.

Punkt 1-8 gjeld for alle skulane i Vindafjord. Den einskilde skulen kan i tillegg ha utfyllande reglar, tilpassa lokale tilhøve (Punkt nr. 9).

## 2. Formål med ordensreglement

*For at "Alle elevar i grunnskolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring"*

For å fremma slike verdiar, og for å oppnå eit godt læringsmiljø for elevane, er det viktig å ha klare rammer.

## 3. Verkeområde

Ordensreglementet gjeld i skuletida, i SFO, i leksehjelpordningar, på skulevegen og ved tilstellingar under leiing av skulen.

## 4. Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre og eigendelane deira, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller andre personar på skulen.

Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

## 5. Undervisningssituasjonen

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møta førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

## 6. Eigedom

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.



## 7. Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon

Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon skal ikkje nyttast i skuletida og SFO. Tilsett kan gi unntak i samband med undervisning.

## 8. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet

1. Samtale med eleven
2. Mobiltelefon kan bli dregen inn og oppbevart til slutten av dagen. Rusmiddel og farlege gjenstandar som vert tekne inn blir utlevert til føresette om dei ber om det (dette i tråd med retningslinjene til Udir).
3. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert ved melding eller merknad.
4. Samtale med elev og foreldre/føresette
5. Eleven kan i ein periode få avgrensa rettar på skulen.
6. Ved gjenteken bruk av mobiltelefon eller klokke med meldingsfunksjon kontaktar skulen heimen.
7. På ungdomsskulen skal det vurderast om brotet fører til nedsett karakter i orden eller åtferd (jmfr. Vurderingskriteria i orden og åtferd).
8. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar (jmfr. Opplæringslova §9A-11)

*"Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.*

*Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.*

*Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar."*

**ELEVEN HAR RETT TIL Å UTTALA SEG / BLI HØYRT FØR TILTAK VERT SETT I VERK.**

## 9. Lokale konkretiseringar

### REGLEMENT ORDEN OG ÅTFERD

#### § 1: Heimel:

Med heimel i Opplæringslova, og med grunnlag i kommunalt ordensreglement, blir forskrift om ordensreglement for Ølen skule og Ølen SFO fastsett.

#### § 2: Føremål:

Ølen skule skal vera prega av samarbeid, trivsel, respekt og medansvar. Ordensreglane er eit verktøy for å nå denne målsettinga, og for å sikra at skulen er ein god lærings- og



arbeidsplass for alle. I tillegg skal ordensreglane avklara kva som er forventa åferd, og korleis ordensregelbrot skal bli handtert og vurdert av dei vaksne ved skulen og i SFO.

### § 3: Verkeområde:

Ordensreglementet gjeld i skuletida, på skulevegen og ved tilstellingar under leiing av skulen.

### § 4: Arbeid for å fremja eit positivt skolemiljø:



#### § 4.1: Hovudprinsipp:

Dei vaksne er først og fremst elevane sine trenarar, ikkje dommarar. Skulen skal, i nært samarbeid med heimen, hjelpe eleven til utvikling av sosial kompetanse og meistring.

#### § 4.2: Eit elevvennleg skolemiljø:

Alt arbeid som blir gjort på skulen skal ha elevane sitt beste i sentrum. Eit slikt elevvennleg skolemiljø inneber at dei vaksne skal:

- Bruka kjennskap til kvar elev, dialog og medverknad for å finne dei beste løysingane.
- Møta kvar elev på ein positiv måte, med respekt og anerkjenning.
- Prøva og forstå kvar elev.
- Kommunisera med eleven på ein positiv måte.
- Prøva og hjelpa eleven med å unngå og/eller koma ut av situasjonen med uønska åferd.
- Ta tidleg kontakt med føresette, og involvera dei i å finna dei beste løysingane. Kontaktlærar har ansvar for å ta kontakt med føresette, om ikkje anna er avtalt.

#### § 4.3: Førebyggjande arbeid:

- Åferd skal jamnleg vera tema i alle klassar, og kvar klasse skal arbeida med å utvikla eit godt og inkluderande læringsmiljø. Ved oppstart av skuleåret skal klassane drøfta kva inkludering og respekt er, og kva dei vil gjera for å få dette til i praksis. Kontaktlærar har ansvar.
- Skulen sin sosiale og faglege handlingsplan inneheld dei tverrfaglege temaa frå den Fagfornyinga. Kontaktlærar har ansvar for oppfølging på klassenivå.
- Elevrådet skal arbeida med å gjera skolemiljøet triveleg for alle. Det blir utarbeidd ein årsplan for dette arbeidet. Elevrådskontakt har ansvar.

#### § 4.4: Handtering av ordensreglementet:

1. Den vaksne snakkar med eleven/-ane som bryt ordensreglementet, og prøvar via dialog å løysa problemet. Så langt råd er skal ein korrigera åferd utanfor andres øyrer og auge.
2. Ved gjentekne forsøk på å snakka med eleven/-ane, blir det gitt informasjon om kva som skjer om ordensregelbrot held fram.
3. Den vaksne som er i situasjonen vel kva reaksjonsform som er passande ut frå moglege konsekvensar. Desse konsekvensane er lista under § 6 og er ordna i etter graden av alvoret på regelbrotet.
4. Ved gjentekne regelbrot og/eller alvorlege regelbrot blir konsekvensar på høgste nivå i ordensreglementet brukt.

### § 5: REGLAR

#### §5.1: ÅTFERD

**Alle skal visa omsyn og respekt for andre, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller vaksne.**

Du har mellom anna rett til:



- Å bli behandla med respekt.
- Å ferdast fritt utan å bli plaga av andre.

Du har mellom anna plikt til:

- Å visa respekt og forståing for alle på skulen.
- Å vera på skuleområdet i skuletida, på dei område du har fått informasjon om som lovlege tilhaldsområde. Elevar i 10.klasse kan gå til sentrum i matfriminutt.
- Gjennomføra aktivitetar der dei skal gjennomførast, ute og inne.
- Oppbevara mobiltelefonen, smartklokker og anna utstyr borte frå undervisningsstiuasjon eller på annan stad under lærars tilsyn, medan du er på skulen. 1.-7.klasse skal ikkje ha mobil med på skulen, dersom det er behov må det sendast melding om at det er naudsynt at den er med.
- Ikkje nytta tobakk eller andre rusmiddel i skuletida.
- Ikkje nytta brus og snop i skuletida. Tyggis kan nyttast av elevar i 5. – 10.klasse om det ikkje er til sjenanse for undervisninga.
- Bruka pålagt sikringsutstyr i buss til/frå skulen og ved bussreiser i skuletid.

## §5.2 : UNDERVISNINGSSITUASJONEN

**Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møta førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.**

Du har mellom anna rett til:

- Arbeidsro i timane.

Du har mellom anna plikt til:

- Møte til undervisning til fastsett tid, vera førebudd og ha med nødvendig materiell.
- Medverke til arbeidsro i timane og ved felles arrangement.
- Å utvisa nettvett og kun nytte utstyr som mobiltelefon og nettbrett etter avtale.
- Å ikkje kopiere av andre sin tekst eller jukse ved innleveringar og prøvar.
- Ikkje sitte med lue/hette på eller nytte øyreproppar

## §5.3: EIGEDOM

**Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.**

Du har mellom anna rett til:

- At sykkel, klede, skuleveske og andre egedelar får vera i fred.

Du har mellom anna plikt til:

- Kjenna ansvar for skulen sin eigedom og erstatta det som duøydelegg eller rotar bort.
- Bidra til å halda det ryddig og fint utanfor og inne på skulen.
- Ytterplagg skal vera i garderoben.
- Lærar skal kunne ha augekontakt med eleven, om hovudplagg blir nytta inne i klasserommet.
- Parkera sykkel i sykkelstativa. Moped, traktor og andre motoriserte framkostmiddel elevane nytta skal parkerast på p-plass ved .
- Sykkel, moped, traktor eller andre framkomstmiddel skal ikkje nyttast i skuletida utan avtale med lærar.
- Blir sykkel brukta i skuletida skal hjelm nyttast. Føresette har ansvar for sikringsutstyr.

## §5.3 LEIK

- Vakter kan stoppe farleg leik, vakter kan avgjere at enkelte leiker ikkje kan nyttast



- I korona-tida på gult nivå er klassane delt inn i utesoner, desse rullerer
- Området med bordtennisbod/ dei andre inngangane kan ha ulike aktivitetar (ikkje ballaktivitetar)
- Ballbingen: ballaktivitetar, elevrådet set opp fordeling
- Lekestativ: dei yngste elevane (1.-4.kl) har førsteretten
- Området med sandkasse og akebakke: 1.-4.klasse disponerer dette området
- Kanonballbane: ballaktivitetar, ikkje fotball
- Snøball: skal berre kastast på oppsette blinkar

## § 6: KONSEVENSAR VED BROT PÅ ORDENSREGLEMENTET:

### Nivå 1: Ved enkeltståande ordensregelbrot.

**Den vaksne har samtale med eleven og prøvar å hjelpe eleven til å korrigera åtferd:**

- Eleven får munnleg melding, eit førehandsvarsle, om at åtferda er eit ordensregelbrot.
- Eleven får informasjon av den vaksne om kva som vil skje om ordensregelbrot held fram. Eleven skal, med unntak av særskilte ordensregelbrot, alltid ha informasjon før ein går til nivå 2 og gjennomfører reaksjonsformer.
- Eleven får høve til å ordna opp.
- Elevene får ei framovermelding som er ei hjelpe til å korrigera åtferd.
- Lærar noterer negative hendingar i Visma som anmerkning. Ved fleire anmerkningar som gjeld å koma for seint til time, gløymde/manglende skulesaker og ujort lekse får føresette beskjed frå kontaktlærar. For andre anmerkningar tar kontaktlærar kontakt med føresette når åtferd utviklar seg i uønska retning. Anmerkningar er å rekna som dokumentasjon av orden og åtferd.

### Nivå 2: Ved gjentekne ordensregelbrot.

**Reaksjonsformer kan vera:**

- Samtale med eleven.
- Plikt til å ordna opp etter seg. Det kan koma krav om erstatning med inntil kr. 5000-, til elevens føresette.
- Bli fråteke materiell/utstyr ut timen eller dagen.
- Ved forstyrring av undervisning kan eleven jobba utanfor klassefellesskapen for inntil to samanhengande skuletimar med tilsyn. Lærar har heimel til å gjennomføra dette tiltaket.
- Eleven kan få andre avgrensa rettar/inndraging av goder på skulen i ein periode. Slike tiltak blir i hovudsak gjennomført individuelt, men kan bli gjennomført kollektivt som eit ordenstiltak.
- Ved mobbing på skuleveg:
  - Eleven går frå heimen på eit seinare tidspunkt om morgonen enn den/ dei som blir plaga, og/eller må vera att på skulen 15 minutt etter dei andre har gått heim. Heimen skal varslast om ei slik ordning.
  - Eleven får ikkje følgja skulebussen til/frå skulen. Skulen ordnar alternativ skyss i samarbeid med føresette.



- Skriftleg varsel om fare for nedsett karakter i orden og åtferd for elevar på ungdomstrinnet.  
Karakteren blir nedsett om eleven ikkje betrar åtferd jamfør skriftleg varsel.

## Nivå 3: Ved særslig alvorlege ordensregelbrot.

**Ved alvorlege regelbrot kan reaksjonen til den vaksne vera på dette høgste nivå, utan førehandsadvarsel.**

Dette gjeld blant anna ved bruk av rusmiddel eller tobakk, utøving av fysisk vold/overgrep mot medelevar eller vaksne, identitetstjuveri og ved øydeleggning av materiell/utstyr. Lista over særslig alvorlege regelbrot er ikkje fullstendig. Dette er ei vurdering dei tilsette gjer.

**Reaksjonsformer:**

- Det blir om naudsynt utarbeidd eit vedtak.
- Utvisning frå skulen, jmfr. §9 A-11 i opplæringslova:
  - Elevar på 1. – 7.trinn kan visast bort frå enkelt-timar eller for resten av dagen.
  - Elevar på 8.- 10.trinn kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar.
- Involvering og samarbeid med andre som PPT, politi, barnevernstenesta m.fl. blir vurdert.
- Elevar på ungdomstrinnet kan få direkte nedsett karakter i orden- og/eller åtferd.

## Bruk av konsekvenstrapp ved brot på klassereglar:

8. Møte med føresette der me lagar ein åtferdsplan til meg. Der eg skal øve på å halde regelen.
7. Skjermingstiltak (grupperommet).
6. Samtale med rektor/andre i administrasjonen.
5. «Time-in»-samtale med vaksen. Me snakke om kvifor det er vanskeleg å følgja regelen.  
Prøve å finna ei løysning. Heimen vert kontakta
4. Vaksen seier at me treng ein samtale. Enten no i timen, eller etter timen er slutt (i friminuttet)

3. Vaksen gir meg ein (dempa) munnleg beskjed om at det eg gjere må ta slutt.

2. Vaksen kjem nærmare meg, legg for eksempel ei hand på skuldera mi.

1. Vaksen gir meg eit teikn/blikk/riste på hovudet eller liknande.

Dette skjer om eg bryt ein klasseregel/ordensregel:

## § 7: Førehandsvarsel



Elevar og føresette på ungdomstrinnet har rett til eit førehandsvarsle om eleven står i fare for å få nedsett karakter i orden eller åtferd. Varslelet må blir sendt «utan ugrunna opphald», det betyr med ein gong læraraen er i tvil. Varslelet skal vera skriftleg og skal givast utan ugrunna opphald. Det inneber at så snart eleven kan stå i fare for å få nedsett karakter i orden eller åtferd, skal varsel sendast ut. For særslig alvorlege hendingar vil det ikkje være mogleg med førehandsvarsle. Eleven kan då få direkte nedsett karakter.

Det skriftlege førehandsvarslelet skal vera ei hjelp for eleven til å korrigera åtferda si, og skal innehalde informasjon om:

- Hending/-ar som ligg til grunn for varselet.
- Kva for ordensregel/-ar hendinga/-ne er brot på.
- Kva konsekvensar som er gjennomført og tiltak prøvd ut for å hjelpe eleven til å korrigera åtferda si.
- Framovermelding til eleven. Tips til kva han/ho må gjera for å unngå å få nedsett karakter i orden og åtferd ved neste vurdering.

Kontaktlærar utformar varselskrivet og drøftar dette med rektor. Rektor lagrar dette i det digitale elevarkiv og sender det heim som digital post. Kontaktlærar informerer elev munnleg om at det vil koma eit slikt varsel heim, og innhaldet i dette.

Det skal ikkje koma som ei overrasking for eleven kva karakter han/ho vil få av vurdering i orden og/eller åtferd. Dialogen og oppfølging kring dette skal vera tett og god. Kontaktlærar har ansvar for dette. Som for vurdering i andre fag er det eleven sin orden og åtferd på *tidspunktet for halvårvurdering* som skal liggja til grunn. Tal anmerkningar over ein halvårsperiode eller enkelt-hendingar som ligg tilbake i tid skal ikkje åleine vera grunnlag for halvårvurdering eller sluttvurdering, men vil likevel vera med i ei heilskapsvurdering av orden og åtferd til eleven. Om eleven har fått nedsett karakter i orden og/eller åtferd til eit semester, startar eleven med «blanke ark» til neste halvårvurdering. Ei hending kan berre bli gitt som merknad under orden *eller* åtferd. Berre unntaksvis, ved særslig alvorlege hendingar, kan ei hending vera vurderingsgrunnlag på begge område.

## § 8: Vurdering

Vurdering i orden og åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårvurdering utan karakter i orden og åtferd i heile opplæringsløpet.

I ungdomsskulen blir det i tillegg sett karakter i orden og åtferd, jmfr. Forskrift til opplæringslova §3-5.

### § 8.1: Vurdering av orden:

Som grunnlag for vurdering av orden ligg elevens meistrinsnivå når det gjeld å følgja ordensreglane, visa god arbeidsinnsats og koma førebudd og presis til timane.

Kriterier for vurdering med karakter på ungdomstrinnet:

- GOD:  
Ein elev som utan kommentar får denne karakteren har få brot på ordensreglane, viser god arbeidsinnsats og kjem førebudd og presis til timane.
- NOKSÅ GOD:  
Ein elev som får denne karakteren har
  - fleire ulike brot på ordensreglane /stadig gjentekne og like brot
  - dårleg arbeidsinnsats
  - ofte for seint til timane eller for seint og ikkje levert arbeid.
- LITE GOD:



Karakteren blir gitt dersom ein elev som har gjentekne brot på ordensreglementet, leverer sjeldan og har ulovleg fråvær. Då er det snakk om dokumenterte hendingar mest kvar veke eller hendingar av særslig alvorleg art.

## § 8.2: Vurdering av åtferd:

Som grunnlag for vurdering av åtferd ligg elevens meistringsnivå når det gjeld åtferd mot medelevar og vaksne. Enkelthending kan føra til direkte nedsett.

Kriterier for vurdering med karakter på ungdomstrinnet:

- GOD:  
Karakteren blir gitt til elevar som viser ei normal grei åtferd mot medelevar og vaksne.
- NOKSÅ GOD:  
Denne karakteren kan ein elev få dersom han har:
  - Fleire ugreie episodar mot medelev eller lærar
  - Generell dårlig åtferd mot medelev (erting, kommentarar, tydeleg negativt kroppsspråk)
  - Generell dårlig åtferd mot vaksne på skulen (frekke kommentarar, negativt kroppsspråk, uro i timar, nekting.)
- LITE GOD:  
Denne karakteren blir gitt dersom det er ein elev som generelt viser liten vilje til å visa normal åtferd, ikkje rettar seg etter påtale og som treng påminning om rett åtferd mest kvar veke.

## Føring av merknadar orden – og åtferd

### ORDEN

- For sein til time
- Ugjort lekse/ manglande innlevering
- Gløymde skulesaker/skrivesaker
  - Gløymde gymklede
  - Gløymd Ipad
  - Gløymd niste
- Uladd Ipad
- Manglande arbeidsinnsats
- Ulovleg fråvære
- Gjentekne brot på ordensreglementet
- Anna
  - Manglande orden i garderober
  - Manglande orden i hytte/skulesaker

### ÅTFERD

- Uro i time
- Krenkande åtferd mot medelevar/vaksne
  - Manglande respekt for andres eigedom /utstyr
  - Indentetsjuveri
- Gjentekne påminningar om manglande god åtferd
- Nektar å retta seg etter vaksne sin beskjed.
  - Opphald på ulovlege stader.
  - Ulovleg bruk av mobiltelefon eller utstyr som gir kontakt med mobiltelefon.
  - Ulovleg bruk av nett
- Mobbing
- Anna
  - Bruk av tobakk, rusmidilar
  - Manglande bruk pålagt sikringsutstyr
  - Feilparkering/ ulovleg parkering

I klassemøte går lærarane gjennom merknadar for kvar elev og ved behov sender heim ei oppsummerande melding via verktøyet. Event. tar ein telefon. Kontaktlærar ansvar.

Sist endra: SU/SMU – møte 16.12.20

